



ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPELL



SANDNES KYRKJE



AUSTAD KYRKJE

# Kyrkjebladet

Nr. 1- 2026 - 83. årgang

FOR BYGLAND



*Storebror Jørgen Homme og kyrkjetenar Svein Kleivane sørger for at dåpsvatnet er klart for dåpen til veslesyster Nikoline og Eivind Eikerapen Kvaale.*

# Påskevandring – «Sjå, vi går opp til Jerusalem!»



**Sjølvs om påska er over, er budskapet like relevant. Påska er grunnlaget for vår kristne tru, bli med ein gong til, på vandringa gjennom dagane på veg opp til Jerusalem.**

*Av Inge prest*

Blir du med på vandringa – frå stilla i fastetida – til jubelen palmesøndag – til mørkret langfredag – og heilt fram til den tome grava og oppstodegleda! Kanskje vil du møte Jesus – la han få møte deg!

**1.søndag i fastetida** – møter vi Jesus åleine i øydemarka – han blir freista – han kjempar. Der møter vi Jesus som veit kva det kostar å vere menneske.

Han går inn i vår kamp – for å kunne gå heile vegen med oss.

**Palmesøndag** – Jesus kjem ridande inn på ein eselfole – mild – fredeleg og sårbar. Han kjem til oss i audmjukskap. Ikkje for å knuse – men for å frelse.

**Skjærtorsdag** – møter vi Jesus som gjev oss eit nytt fellesskap – eit nådebord! Eit måltid som ber oss heile vegen til den tome grava.

**Langfredag** – så blir det mørkt. Jesus heng på krossen, der han døyr. Her viser Jesus sin djupaste kjærleik. Han ber skuld, han ber smerte, han ber verdas synd – han ber mi synd! Han går heilt ned i mørkret – for å hente oss opp!

**Påskedag** – Steinen er rulla bort – grava er tom – her viser Jesus seg som den levande – som den oppstadne. Han møter Maria, møter disiplane – og den tvilande Tomas. Vi kan møte den levande Herre! Han ønskjer å vise seg for kvar einskild av oss – og då kan vi syngje denne påska: «då fekk eg den levande møte – å sæle, sæle stund!»

Kjære påskevandrar – god vandring – frå øydemarkas kamp – til byens jubel – til nattas bord – til krossens mørker – til gravens morgonlys!

Eg skulle gjerne ha gått saman med dykk i påskedagane, men etter palmesøndags feiring ved Hovatn dreg eg to månader til Sandnessjøen som vikarprest.

*Takk for meg, for denne gang!  
Helsing frå Inge prest*

## Lat oss be for:

- Gudstenester og møter kringom i kyrkjelydane våre
- Arbeidet på bedehusa i nærmiljøet vårt.
- KVS-Bygland og arbeidet der.
- Alle som ferdast gjennom kommunen vår denne sommaren.
- At fleire tek del i og ansvar for gudstenestefellesskapen i kyrkjelydane våre
- Dåpsborna Eivind, Nikoline, Odin og Ingrid, og familiane deira.
- Konfirmantane våre, Sofia, Leo, Nikolas, Ida, Maria, Ine og Hedda, og heimane deira.
- Alle dei som har mist nokon dei er glad i, og sit i sorg og sagn.
- Kvar og ein som slit med fysiske og psykiske plagar.
- Dei tilsette og friviljuge i kyrkjene våre.
- Soknerådet og fellesrådet her i Bygland
- Kommunestyret, alle nemnder, råd og administrasjon i kommunen vår. Be om at Bygland er ein god kommune for alle som bur her.
- Austad kyrkje på Tveit, at arbeidet med gjenopning vert godt og til velsignelse for heile kommunen.
- Misjonsprosjektet vårt, Machase, som hjelp mange familier i krise i Jerusalem.

# Hilsen fra leder av soknerådet/fellesrådet

Når man sitter på Sandnes og kikker ut av vinduet i dag 20. april, blå himmel, sol og pløyde jorder tenker jeg på hvor heldig jeg er. Fjorden er blikk stille og våren er virkelig i anmarsj, så nå er det bare å brette opp armene for er det noe jeg har hørt mye de siste dagene er det « Det som en ikke får gjort på våren, det blir ikke gjort».

Av Gro Tove Sandnes

Men det er mange andre ting også som opptar tankene mine om dagen, som mange vet sitter jeg i flere styrever i kommunen for lag og foreninger som vi har mange av i Bygland. Vi er heldige som har så mye å velge i og det krever at det er frivillige som vil sitte i styrever, barn og voksne som vil delta på arrangementer og mange nok helger og dager til å gjennomføre alle disse. Rett og slett et luksus problem spør du meg men allikevel et viktig tema, for det er viktig å huske på at om vi fortsatt ønsker å ha alle disse mulighetene så må vi alle bidra.

Det å treffes på dugnad på et styremøte eller et arrangement gir mye glede og samhold, det lærer barna våre viktigheten av å gjøre ting sammen og ikke minst det å gjøre noe for andre. Den største gleden man kan ha er å gjøre andre glad!!!!

Så selv om vi alle nok tenker innimellom at man ikke orker eller ikke har tid eller ikke kan prioritere så tenk på hvor mye det betyr for noen andre at akkurat du møtte opp eller at akkurat du kom å hjalp til.

Det er nok noen av dere som synes at kyrkjebladet kom lovlig sent med førsteutgaven i år, men det er dessverre slik at det koster mye både tid og penger og soknerådet har derfor vedtatt at kyrkjebladet skal gis



ut bare 2 ganger i året. Men vi har også tenkt at vi fra neste nummer av skal skrive om kirkene våre. En kirke i hvert nummer og med historien til kirka og det den inneholder av interessante ting og ikke minst historier, så sitter du på noe vi burde vite om når det gjelder en av kirkene våre så tar gjerne kontakt.

Rett etter påske hadde vi i fellesrådet et folkemøte på Ose vedrørende Austad kirke på Tveit som var svært positivt. Mange gode dugnadskrefter meldte seg til å være med å hjelpe til for å holde kostnadene nede slik at man kan drifte kirka etter at det elektriske er på plass.

Og akkurat det møte gjorde meg optimistisk for fremtiden til kirkene i Bygland, for vi må nok innse at skal vi greie og ha aktivitet i alle kirkene våre så må dugnadsånden frem og de gode ideene for hva vi kan bruke kirkerommet til, både de faste kirkelige handlingene og annet. Det er nemlig ikke bare slik at det er kommunen som har dårlig økonomi men også bispekontoret kommer med stadig flere innsparinger, noe som gjør at vi i soknerådet må hente frem alt vi har av oppfinnsomhet og gode ideer. Men jeg føler meg trygg på at om vi finner frem pågangsmot, godvilje, positivitet og dugnadsånd så greier vi det sammen.



## Herrefcafé på brygga

Før jul i fjor ble det hviska i krokene om at det burde være en plass i bygda der menn kunne møtes og snakke om løst og fast.

Av Gro Tove Sandnes

Soknerådet sammen med diakonen Åse Gudrun Tveit snappa opp dette og satte i gang med saken. Det er jo ikke noen hemmelighet at når menn snakker med menn handler samtalen gjerne om noe helt annet enn når damer snakker med damer, ikke det at det ikke er hyggelig å være sammen men av og til er det greit å ikke være det også.

Så fikk vi en lys ide om at det hadde vært fint å fått med Nina på Brygga med på laget og det var i alle fall ikke vanskelig for ho er et ja menneske ho også

Så da vi endelig hadde funnet sted og en dag begynte vi å snakke om det til alle de mennene vi traff i bygda og det ble tatt så godt i mot at vi er sjeleglad for at vi hører etter i krokene også av og til.

Så etter den første tirsdagen i februar ble herrefcaféen et faktum og gledelig nok møtes nå bygdas herrer uten damer på Brygga annenhver tirsdag fra klokka tolv til de ikke har mer på hjertet den dagen. Nina byr på kaffi og kake og holder seg ellers på kjøkkenet og praten går lett mellom alt fra 4 – 15 flotte menn, og det ryktes at det er plass til flere.

# Dåp – ei viktig kyrkjeleg handling for å ta vare på alle kyrkjene våre

**Dåpstala i Bygland har etter korona vore varierende, men i snitt ganske låge. I 2025 hade vi berre to dåp av byglendingar. Til no i 2026 har vi hatt fire! Men kvifor vel unge foreldre å døype borna sine, og kvifor skal dei det?**

*Tekst og foto: Anne Synnøve Ropstad*

Vi har snakka med Ragnhild Sørbøen Gakkestad, som saman med mannen, Lars Tore Gakkestad, valde å døype lille Ingrid på gudstenesta palmesundag på Hovassdammen.

## Tradisjonar

Ragnhild og Ingrid har nett kome heim frå helsestasjonen, når eg svingar inn i tunet til det utruleg flotte huset med dei grønblå dørene i Åraksbø. Ragnhild fortel at dei er spesialbestilt frå Tyskland for at huset skulle ble sett i stand mest mogleg som det var frå

gamalt. Inne er det fleire flotte teikn på det, både vegger og tak er mest mulig sånn som dei har vore. Det er og flotte hjørneskap og andre møblar, som den flotte vogga som Ingrid ligg i. Her bur ein familie som har sans for tradisjonar. Dei har og landa på at Ragnhild og ungene skal ha namnet Sørbøen Nordgaren, der Nordgaren er gardsnamnet. Dette har vi sett at fleire har gjort.

Men er det kun tradisjon som gjer at dei vel å døype Ingrid?

## Ein del av ein felleskap

Ragnhild er tydeleg på at det er det ikkje. Dei er samde om at det er ein fin tradisjon, og folkekyrkja er viktig for å ta vare på kultur og samhald ute på bygda. Det er og ein fin moglegheit til å samla slekta, markere og feira den flotte jenta dei har fått. Likevel er den viktigaste orsaken at dei vil at borna deira skal tilhøyre og oppsedast i den kristne tru, sompresten seier under dåpen. Dei vil at borna deira skal vakse opp og tru på Jesus. «Det

er tryggleik i å vite at både faddere og kyrkjelyd, både ber for og ser bornet vårt.» seier Ragnhild. «Fellesskapen ein har i kyrkjelyden er viktig. Det å bli sett, at nokon spør kor det går, det er akkurat som å ha ein utvida familie. For meg som kjem frå ei bygd som er mykje større enn Åraksbø og Bygland, så har det vorte meir tydeleg». Det er ikkje fyrste gongen familien har dåp på Hovassdammen. «Storebror Olav vart døyp der, palmesundag for to år sidan, så det er jo blitt ein fin tradisjon det og!» smiler Ragnhild.

## Dåp på Hovassdammen

Det vart ein noko kjøleg innlemming i Den norske kyrkja og Guds rike for lille Ingrid. Under sjølv dåpshandlinga stod vinden på med snø i kasta. Foreldra hadde pakka ho godt inn, og dåpsvannet var varmt og godt etter å ha blitt frakta inn på termos. Så det gjekk bra. Det var ein flott gudsteneste med både born og vaksne i prosesjon med palmegreiner, leia av Sokneprest Inge Berg Pettersen. Han hadde sin siste gudsteneste for denne perioden, og var godt nøgd med at den blei i kjeledress under prestekappa. «Det er stort å få døype Ingrid som noko av det siste eg gjer her i Bygland som vikarprest», strålte han. Han song til og med ein flott barnesong med jenta i armene etter sjølv dåpen.

Kyrkjebenkane var bytta ut med snøskutere, så det var ein fargerik og flott kyrkjelyd som feira palmesundag ved dammen. Knut Olav Uppstad trakterte mesterlig et elektrisk piano på fanget, så kyrkjelyden kunne synge påskesalmar. Til og med kyrkjeklokkene ringte! Gakkestad-klanen ordna alt frå transport og utstyr til en nydelig kyrkjekaffe kokt på bålpanna. Dette er virkelig ein flott tradisjon, og alle, til og med langvegsfarande dåpsfølge frå Hallingdal, var lukkeleg einige om at det hadde vore ein fin dag og ein fin tur!





*Ingrid Sørboen Nordgaren vart døypt på Hovassdammen palmesundag.*




# To born vart døypt i Bygland 18. januar:



*Prest Inge Berg Pettersen, Margit Saaghus Homme, dåpsbarnet Nikoline Homme, Halvor Homme, Jørgen Homme, Christina Homme Olsen og Gunvor Saaghus.*



*Kyrkjelyden tek varmt i mot lille Eivind. .  
Foto: Anne Synnøve Ropstad, men det øverste er tatt av dåpsfølget.*



# Påske



**I Norge er nok påska for mange appelsiner, ski og kvikklunsj, påskehare, gule kyllinger og påskeegg. Men påske er den viktigaste og eldste høgtida i kristendommen, og det er ikkje på grunn av påskekyllingane. Kva kan du eigentleg om påska og påskefeiringa? Her kjem eit lite historisk innblikk!**

*Av Ann-Cecilie Andersen*

Medan jula kjem på same dag og tid kvart år, er påska ei bevegeleg høgtid som fell på ulike tidspunkt kvart år. Kristi himmelfart og pinse følger påska, og varierar difor tilsvarande. Årsaka til dette er at vår kalender, og dermed jula, har utgangspunktet i sola, medan påska er knytt til ein månekalender. Påska var i utgangspunktet ei jødisk høgtid- pesach, og jødedommens kalender baserer seg i stor grad på månefasane. Tidspunktet for den kristne påska var i fleire hundre år gjenstand for stridigheiter, og katolikkar og protestantar har til tider hatt påske på ulike datoar. I 1582 bestemte pave Gregor XIII ein regel som stort sett har vore halde sidan; første påskedag er første søndag etter første fullmåne etter vårjamndøger (21. mars).

## **Kvifor feirar vi påske?**

Påske er sorga og gledas høgtid, til minne om Jesu død og oppstanding. Påskedagane minner oss på dei siste dramatiske dagane i Jesu liv. Påska startar palmesundag. Denne dagen reid Jesus inn i Jerusalem for å feire jødisk pesach, og han vart hylla som konge med palmeblader. Veka som følger kallar vi «den stille veka». Skjærtorsdag er til minne om Jesu siste måltid med disiplane, innstiftinga av nattverden. Langfredag er dagen Jesus vart korsfesta og døydde. I gamle dager var det mange som gjekk med smågrus i skoa, eller arbeidde svært hardt denne dagen, for å minnes hans lidning på korset. Det var heller ikkje uvanleg å flagge på halv stang. Første påskedag er derimot ein festdag der ein feirar Jesu oppstanding. I mange bygder vart påskemorgon feira ved at ungdommen klatra opp på lokale fjelltoppar for å sjå sola stå opp, og danse i glede over oppstandinga. Andre påskedag er til minne om at den oppstandne Jesus viste seg for disiplane.

## **Påsketradisjonar:**

Svært mange les krim i påska. Påskeskrim er eit særnorskt fenomen, som starta med eit avisoppslag i Aftenposten i mars 1923. Ei overskrift om eit ran på Bergenstoget viste seg å berre vere eit reklamestunt for ei ny krimbok. Dette vart eit svært vellykka stunt, og bokhandlarar merka etterkvart auka sal av krimbøker før påske. Tradisjonen vart fulgt opp med

kriminalhørespill på radio på 50-talet, og i 1966 starta NRK sin tradisjon med påskeskrim. I 2003 lanserte eit forlag i Sverige påskeskrim for første gong, og annonserte at «nu ska påskeskrim bli en svensk tradition».

Påska er for mange også høgtid for god mat og drikke. Tidlegare kom den gode maten først på bordet 1. påskedag, men i dag gledar folk flest seg med god mat gjennom heile påska. Særleg egg et vi nordmenn mykje av i påska. I snitt eitt egg kvar dag i heile påska, som om lag tilsvarar 26 millionar egg.. Dette er imidlertid relativt nytt, for før 1900 var ikkje høns særleg utbredt. Det var ved påsketider hønene starta å verpe att, etter eit vinteropphald. No for tida vert høns avla fram for å verpe heile året, men framleis et vi meir egg ved påsketider. Påskelam er og relativt nytt i Noreg, men med sterk bibelsk tradisjon. I jødedommen et ein lam til minne om utgangen av Egypt, medan det i kristen tradisjon er eit symbol på Jesus som det uskyldige offerlammet.

Mange pynter med påskekyllingar og gåsungar i påska, og fargane gult og grønt. Dette er for å markere at nytt liv-våren- er på veg. I åra etter andre verdskrig vart det meir og meir vanleg å male påskeegg, og ein begynte å kjøpe dekorative papiregg fylt med sjokolade og godterier. Påskekaninen kom for alvor inn som del av påskepynten rundt 1950. Før det var haren mest kjent frå importerte påskeskort, med røtter tilbake til tysk folketro.

# FamilieKRIK

Denne våren starta FamilieKRIK i Byglandshallen - eit lågterskel tilbod for born 0- 6 år saman med foreldre. Kvar torsdag i partallsveker samlast dei kl 16-17, og ynskjer endå fleire små og store velkomne.

*Tekst og foto: Anne Synnøve Ropstad  
Foto: Margit Saaghus Homme*

Blant initiativtakarane er Ragnhild Sørbøen Gakkestad og Margit Saaghus Homme med familiar.

Der møtast dei for leik, trim, fellesskap og ei andakt. Det blir mykje fri leik som dei yngste borna liker godt, og nokre felles aktivitetar og leikar. Håpet er at foreldra også vil delta aktivt i leiken, og at familieKRIK er ein stad foreldre og barn kan være aktive i lag. I midten av samlinga har dei ei roligere stund med ein song og andakt. Ragnhild meiner andakten er viktig fordi: «Me ønskjer å formidle at alle er elska og skapt av Gud, at me høyrer saman og at kvar og ein er verdifull. Det handlar ikkje om prestasjon, men at me kan vere med akkurat slik me er».

FamilieKRIK eir ein del av Kristen Idrettskontakt (KRIK), ein landsdekkende organisasjon som ønskjer å skape møteplasser for barn, unge og familiar over heile landet. Visjonen til KRIK er å skape idrettsglede, trusglede og livsglede. «Me ønskjer å skape ein inkluderande møteplass på Bygland der foreldre og born kan være aktive saman, bli kjende med andre familier og dele kvardag der me også kan rette fokus på ein Gud som elsker alle vaksne og barn. FamilieKRIK er for alle- du treng ikkje vere flink i idrett eller tru mykje eller lite, det er berre å bli med!» seier Ragnhild og smiler breidt.

Dei har oppretta ei Spond-gruppe som heiter FamilieKRIK Bygland. Her er det berre å bli med! Då legg ein inn gruppekode: YHFGGR i Spond-appen.



Der får de opp samlingane og evt. informasjon om det er noko nytt.

Då håper me å sjå fleire familiar i Byglandshallen i vår og til hausten!

Har de spørsmål kan de ta kontakt med Ragnhild Sørbøen Gakkestad på tlf 41497744 eller Margit Saaghus Homme på tlf 47647794



# MiniKRIK

**I fleire år har det vore miniKRIK i Årdals-  
hallen. Janne Nessa har, saman med  
andre, vært pådrivar og lagt ned mykje  
tid og arbeid i å skape ein flott møte-  
plass for born i alderen 1.-5. klasse.**

*Tekst: Anne Synnøve Ropstad - Foto: Janne Nessa*

Annankvar mandag møtar unge frå Byglandsfjord andre unger og trygge vaksne i Årdalshallen. Då er det ballidrettar, leik og andre aktivitetar som tek mykje av tida. For Janne er det likvel viktig å få plass til den korte andakten midt i leiken. Då sit ungane ned ei lita stund og får meg seg ei bibelfoteljing eller anna andakt. Etterpå er det meir leik og aktivitetar. MiniKRIK er ein populært aktivitet, men det er plass til at fleire kan bli med, både av born og vaksne. Veit du om nokon i målgruppa er det berre å møte opp, ein treng ikkje melde seg på. Det er viktig for Janne og dei andre som står bak minikrik. Her kan alle vere med. Janne har telefonnummer 48238753, og i appen spond kan du legge deg til i gruppa med koden YQZBL.

KRIK sitt arbeid er flott både nasjonalt og lokalt. Her får barn og unge vere i aktivitet, på ein trygg og god arena. Gjennom ord og handling så gis Jesu kjærleik vidare. noko både gjengen på Bygland og på Byglandsfjord set høgt, og det visast.





# Prosjektet L.E.G.O. Romania

**Etter en tur til Romania med ungdomskoret Koriall-verda sommeren 2007 ble det bestemt at det skulle opprettes et prosjekt som ble kalt L.E.G.O.-Romania. Vi hadde den gang med oss innsamla tøy som vi delte ut og fikk se hvor elendig mange levde der nede.**

---

*Styret i L.E.G.O.-Romania  
Åse Torhild Guldsmo*

---

Hjelpearbeidet vi starta med var å restaurere flere hus i en landsby som het Jirov. Ungdommene i koret tok på seg småjobber og det var pengeinnsamlinger slik at det også kunne deles ut matpakker til fattige i området.

Våren 2009 ble prosjektet gjort om til forening og vi beholdt navnet og målet ble det samme « hjelpe fattige familier i Romania ». Arbeidet vårt ble flytta til et nytt område so heter Tampa og ligger i nærheten av byen Targu Mures. Her hadde vi i mange år en gjenbruksbutikk som vi drev

sammen med et ektepar fra New Zealand. De hadde gitt husrom til 4 jenter som hadde vokst opp på barnehjem, men som i 18-års alderen ble sendt ut for klare seg selv og endte på gata. Nå kunne vi i sammen tilby de arbeid i butikken og de har hatt ei fin utvikling. De er nå selvstendige med arbeid og bor for seg selv.

## Skole og barnehage

I tillegg til butikken ble vi kjent med 3 lærere i landsbyen Tampa. Der har vi støttet skole og barnehage med skolemateriell og skolemat. De fattigste familiene hadde lett for å holde barna hjemme derfor startet vi med å gi de matpakke i slutten av hver måned hvis de sendte ungene på skolen. Dette har virkelig fungert for nå forteller lærerne at oppmøte har gått fra 50-60% til 98 % oppmøte for alle barna. Det har vært viktig for oss å få ungene på skolen for – lærdom er veien ut av fattigdom !

## Utvidelse av skolen

Våren 2016 hadde vi en kampanje der vi samlet inn penger til utvidelse

av skolen. Den gang fikk vi inn over 100 000,- . Vi hadde møte med både ordfører og kommunestyre. Ordføreren dro frem tegninger som var lagt «i skuffen» som vi la frem igjen i møtet. Det har tatt tid men nå er de i gang med å utvide skolen, slik at barnehage og skolen fra 1 til 5 trinn kan være samla. Tidligere måtte lærerne forholde seg til 2 forskjellige bygg som lå ca 200 meter fra hverandre. Ting tar tid – men nå er det spennende å se at de er i gang. De sier den skal være ferdig høsten 2026, men vi får se....

Gjennom de årene vi har arbeidet i Tampa har vi også bygd 4 nye hus etter standarden som passer her. Dette har også gitt naboene litt ekstra slik at ikke forskjellene ble for store. Dette har gitt en ekstra gnist i bygda og vi ser at flere av de unge familiene skaffer seg arbeid og holder ungene rene, mette og sender de på skolen.

## Trailer med tøy en til to ganger i året

Vi har hele tiden samlet inn tøy her hjemme en gang i måneden og sendt ned med trailer en eller to ganger pr år. Gjennom gjenbruksbutikken



«Huldas» har mange fattige kunnet kjøpe rimelig tøy og noen ganger delte jentene ut til noen de kjente igjen på gata fra tiden de selv bodde på gata. Skolen har fått masse tøy som de har gitt til barna på skolen og til familier som de så trengte det. Derfor kan vi med handa på hjertet si at alt som vi har samla inn har blitt forvalta på en så god måte som mulig. Også han som driver transportbyrået i Romania som vi bruker til frakt, får tøy av oss som han deler ut direkte gjennom sitt hjelpearbeid.

### Alt til si tid !

Styret i L.E.G.O.-Romania har nå bestemt at vi skal ha innsamling av tøy frem til høsten 2026. Det vil si vi har sommerferie i juni og juli og så blir det innsamling igjen i august og september. I midten av september går traileren med alt innsamla til Romania, og det blir siste traileren vi sender. Det er ikke lett å skulle slutte, men nå er tia inne. Foreningen blir ikke lagt ned så dere som fortsatt ønsker å støtte oss er hjertelig velkommen til det. Nå som skolebygging er i gang vil vi følge med på hvordan dette går og ønsker å være med på åpningen av skolen igjen. Da vil vi se hva kommunen ikke kjøper inn av utstyr og vil bruke beløpet fra innsamlingen til å

skaffe noe lærerne vil ha nytte av. Til nå har vi kjøpt inn kopimaskin og 3 computere med skjerm som de bruker i undervisningen.

### Takk!

Så til slutt vil vi rette en hjertens takk til alle dere som har støtta med tøy, gaver, fraktpenger, loddkjøp og med pantelapper. Til Joker på Bygland retter vi en stor takk for at vi har hatt pantelappkasse der, og takk til Tone Gakkestad som har hatt ansvar for denne og samla inn masse penger. Tusen hjertelig takk til alle givere. Sammen har vi alle vært med på å gjøre en forskjell for familiene vi har vært i kontakt med.



## Pantelappane på Joker

Hausten 2008 fekk diakoniuutvalet i Bygland saman med prostidiakon Per Emanuelen utarbeida diakoniplan for kyrkjelydane i Bygland. Eit av punkta er rettferd og støtte for ulike tiltak i verda.

Frå 27.februar 2009 og fram til 31.desember 2025 har underteikna hatt ei kasse på Joker Bygland, der ein kunne støtte Lego Romania med pantelappen vår. Lego Romania, med Åse Thorjild Gullsmedmoen i bresjen, støttar fattige familjar, skuleutstyr og sender tøy og anna som trengs.

Jamt og trutt har folk gitt pantelappen til Lego Romania, sjølv om det var vanskelegare etter at Røde Kors-automaten kom. No er det avslutta, og rekneskapen godgjend av revisor. I løpet av desse åra har det kome inn kr 45065,- som har hjulpet mange mennesker.

Så takk til Åse som har drive dette flotte arbeidet i Romania. Og takk til Joker som har latt oss ha kassa hengande i alle år. Og takk til alle de som har gitt pantelappen dykkar! Saman kan vi gjere ein skilnad!

*Tone N. Gakkestad*

# Tur med Vonheimkoret

**Sia 2012 har eg arrangert årlege turar med Vonheimkoret og dei kyrkjeleg tilsette både i inn- og utland.**

I år vert me med Sverre Høgsås frå Mandal til hans heimdoms by. Han bur no på Byglandsfjord, er daglig leiar på Evjetun, og syng bass i Vonheimkoret.

I samråd med min kjære etterfølgjar kyrkjeverje Anne Synnøve Ropstad inviterer me og i år til "kyrkjetur", og byr på følgjande program:

## **Fredag 4.september:**

- kl.16.00 Avreise frå Bygland med ein av minibussane til KVS Bygland.  
kl.17.30 Ankomst Mandal, innkvartering på Mandal Hotel

- kl.18.30 Middag på Mandal Hotel  
kl.20.00 Guida tur i Mandal sentrum ved lokalhistoriker Ådne Fardal Klev

## **Laurdag 5.september:**

- kl.09.00 Frukost på Mandal Hotel  
kl.10.00 Shopping/bytur/lunch i Mandal  
kl.14.00 Tur i "Det blå" med Sverre Høgsås. Vi vitjer perlene rundt Mandal  
kl.18.30 Middag på Mandal Hotel  
kl.20.00 Flygelkonsert/songkveld i Mandal kyrkje med organist Jan Erik Tallaksen

## **Søndag 6.september:**

- kl.09.00 Frukost på Mandal hotel  
kl.11.00 Gudsteneste i Misjonssalen  
kl.13.00 Middag på Mandal Hotel  
kl.14.30 Omvisning på Sjølingstad Uldvarefabrik  
kl.16.00 Avreise attende til Bygland

## **Pris:**

Enkeltrom med alt inkludert:  
Rundt kr.5.000,- pr.person

Dobbelrom med alt inkludert:  
Rundt kr.4.000,- pr.person

Sia dette er ei vidareføring av tidlegare turar, men no «på eiga rekning» gjer me det slik at alle deltakarar kvar for seg gjer opp for utgiftene på Mandal hotel ved avreise.

Me skal jo bu og ha dei fleste måltida på Mandal hotel, så dei fleste utgiftene kjem i alle høve her.

Andre fellesutgifter legg eg ut for, og sender rekning til dykk i etterkant. Me har førebels reservert 20 rom, og påmeldingsfristen set me til 15. mai.

## **Påmelding:**

Påmelding til:  
**kbnilsen@hotmail.com**  
eller mobil: 982 99711

*Med vensam helsing Olav Nilsen  
reiseleiar*



*«Midt i hjertet av Setesdal»*

## **MØTER OG ARRANGEMENTER:**

- Barnemøter med Ingrid Engedal
- Bibelsamlinger for ungdommene med Edvard Foss
- Sang og musikk med Olav Soltun og Vera Henriksen
- Eget opplegg for ungdommene om kveldene
- Samlinger for de minste
- Bibeltimer med Johannes Kleppa
- Kveldsmøter med Karl Einar Tvedt
- Kulturkveld
- Sang- og musikk-kveld
- Misjonsløp



Tlf: 982 99 711 E-post: kbnilsen@hotmail.com

**www.bibelognaturcamp.no**



# ELVIS GOES TO CHURCH



## «Elvis goes to church»

Lørdag 2.mai kommer konserten til Bygland kirke! Bandet heter Ole Jonny and The Kingsmen, og består av fem godt voksne menn, bosatt i Gudbrandsdal. Nærmere bestemt i Sel kommune i Nord-Gudbrandsdal.

Elvis goes to church, inneholder låter fra Elvis sine gospelplater og bandet spiller dem på sitt vis, uten å etterligne Elvis på noen måte.

Mellom låtene blir det fortellinger om Elvis sitt forhold til sangene, med en fin balanse mellom humor og alvor.

All prat skjer på Heidalsdialekt, en dialekt fra Nord-Gudbrandsdal. Dette er det sjefen i bandet, Ole Jonny Bekkemellem, som står for. Men frykt ikke, for ved pianoet sitter Frolendingen, Vidar Hoel. Han er organisten i Sel og har bodd over 30 år på Otta, og han vil oversette der publikum sliter med å forstå hva som blir sagt.

På gitar har vi den eldste i bandet, Morten Graff, som er pensjonert lærer. På bass har vi den yngste, Henning Grindstuen, regnskapsføreren, og

## Kyrkjebladet for 50 år sidan - 1976

### Gåver til Kyrkjelydsbladet

Ingebjørg og Toralf Skjerkholt 10, Pål A. Lauvdal 10, Martha og Per Nås 50, (Torstein lidtveit, Anne Skjelbred, Tone Øygarden, Sigrid Sandnes og Gunhild Tvedt Skore 50) Asuly Sandnes 5, Anne Paus 10, Eli Paus 10, Olav S. Møy 5, (O.T.Møy, Tore Møy Kleiven og Helga Hensten Pettersen 25) Torgeir K. Langeid 5, Torjus Viki 10, Birger Viki 10, Gunnar D. Ose 10, Såve Ose 10, Gunhild Haugeland 5, Sigrid Ose 10, Ingebjørg Scheie 10, Toralf Scheie 10, Dreng Ose 10, Randi Ose 10, Gunnar A. Ose 10, Ingebjørg Ose 10, Gunnar Ose 10, Tore Ose 10, Valborg Kjelsen 10, Aslak Haugå 10, Birgit Ose 5, Svønn Ose 5, Liv Kvåle 10, Ingebjørg Holth 10, Mikkel Skomedal Skjevra 20, Birgit Greibrokk 10, Jofrid Rygg 10, K.O. Haugå 10, Signe Haugå 10, Alice Sandersen 10, Magnhild Haugå 10, Svein Austad 20, Hallvard Lidi 20, Torbjørg Grunde 20, (Birgit Heistad, Olav Reise og Aslak Reise 30) Gyro Kvestad 10, (Olav O. Lauvdal, Ingebjørg Lauvdal Homme 20), Tull Ronning 10, Sigbjørn Horverak 20, Asborg Horverak 10, Jon Bås 30, (Sigmund Lidi, Anne Finnsen, Amund Lidi 20) Ragnar Kåsa 20, Amund Vollen 20, Asbjørg Haugen 10, Torleif Haugen 10, Britt og Salve Haugen 10, (Torleif, Anne, Olav J. Lauvdal 30), Anne Valborg Bratteland 10, Gro Skomedal 10, (Gyro Hage, Gunvor Jensen og Sigrid Nicolaysen 15), Birgit Thorkildsen 10, Astrid Lund 10, Anund Haugå 10, O.T. Bygland 20, (Neri Skjevra, Anne Helle, Mari Langerak 30), Tore Rydning 10, Knut K. Haugå 10, Nere Haugå 10, Anne Dolsvåg 10, Svein Kleivane 20, Olav Sandnes 10, Anne Sandnes Heian 10, Jakob Gr. Haugå 15, M. Haugå 15, Ågot Uleberg 10, Jon Uleberg 10, Mari Amlil 10, Gyro Reinhardt 10, Mikkel Attestog 10, Tone Granheim 10, Anders Olsen 20, Siri og Olav A. Bygland 20, Eli Kvåle 10, Tor Skomedal 10, G. Ruud 10.

Hjarteleg takk

### Gåver

#### KIRKENS NØDHJELP:

A.H. ....	kr. 200,-
N.N. Åraksbo. ....	kr. 1000,-
A.H. Åraksbo. ....	kr. 500,-
Eli Lauvdal. ....	kr. 100,-
N.N. Åraksbo. ....	kr. 100,-
N.N. Jordalsbo. ....	kr. 100,-

Vi seier alle hjarteleg takk.

### Frå heim og kyrkje



#### BYGLAND

##### Døypte:

- 1/2 Knut Bygland
- 1/2 May Britt Ranestad.

##### Avlidne:

- 3/1 Gunhild Saaghus, f. 19-6-1887.
- 30/1 Birgit Nilsen, f. 9-12-1888.

#### ÅRDAL

##### Døypte:

- 7/12-75 Anita Vestøl
- 1/1 Jorund Greibrokk
- 1/2 Ronny Handeland. Døpt i Evje
- 8/2 Wenche Skjeggedal

##### Avlidne:

- 21/1 Gunnar Krossen, f. 9-9-1912
- 17/2 Guttorm Dale, f. 5-9-1890.

#### SANDNES

##### Avlidne:

- 30/12-75 Olav Torjusson Haugen, f. 13-8-1905.
- 27/12-75 Gyro Eldhuset, f. 22-7-1899.

### KUNNGJERINGAR

Moteveker m.m.

#### BYGLANDSFJORD

9.-14. mars: Indremisjonen.

#### GRENDI

17.-21. mars: Misjonssambandet.  
30. mars - 4. april: Indremisjonen.  
18.-19. april: Santalmisjonen.  
Skr. Audbjørg Haaland, N.M.S. vitjar Bygland i tida 6.-10. og 16.-19. mars. Dette gjeld helst kvinneforeningane i prestegjeldet.

#### DIAKONIKURS — OTREDAL PROSTI

Kurset blir i Grendi bedehus, tysdag 4. mai kl. 18.00. Vi ventar at diakonikonsulenten og biskopen blir med. Innbyding med program vert sendt ut seinare.

#### REKNESEKAPSOVERSYN ÅRET 1975

Utlegg, 1975 .....	kr. 5058,20
Innkome, 1975 .....	kr. 4900,33
Underskot, 1975 .....	kr. 157,87
Kassasum, 1/1-1975 .....	kr. 3706,23
I kasse og bank 31/12-1975 .....	kr. 3548,36

Bygland 10/2-1976  
Anne Vollen

på slagverk har vi Ole Erik Bjørnstadhaugen, avdelingsleder på musikklinja ved Vinstra videregående.

Dette blir bandets tredje tur til Sørlandet, og det gledes stort. I tillegg til Bygland kirke, blir det konsert i Barbu kirke 01.mai og på heimveien blir det konsert i Svelvik kirke 03.mai. Konsertene starter klokken 19 og billetter til Bygland kirke kjøpes på forhånd hos Hoopla.no. Resterende billetter selges ved inngangen. Prisen er 300 kroner pluss avgift.





## Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

### Søndag 17. mai

Grunnlovsdag  
Årdal kyrkje, Grendi kl 11.00  
Gudsteneste ved  
Tom Martin Berntsen  
Organist: Eirik Hodnemyr

### Søndag 31. mai

Konfirmasjon  
Årdal kyrkje, Grendi kl 13.00  
Gudsteneste ved Rune Stormark  
Organist: Eirik Hodnemyr

### Konfirmantar:

Sofia Rivera Taule  
Nikolas Aasland Gaskell  
Maria Jore Gakkestad  
Leo Mikal Strengenes-Berge  
Ine Lidi Fjalestad  
Ida Nomeland  
Hedda Gjerald Skjeggedal

### Søndag 21. juni

4.søndag i treenighetstida  
Tveitetunet, Tveitå kl 12.00  
Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru

### Søndag 5. juli

6.søndag i treenighetstida  
Austadneset kl 12.00  
friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Eirik Hodnemyr

### Søndag 12. juli

7.søndag i treenighetstida  
Naturcamp, KVS Bygland kl 11.00  
Gudsteneste ved Kjell Steinbru

### Søndag 29. juli

Olsok  
Sandnes kapell kl 18.00  
Olsokgudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Eirik Hodnemyr

### Søndag 13. september

16.søndag i treenighetstida  
Bygland kyrkje kl 16.00  
Gudsteneste ved Mats Hansen  
Organist: Eirik Hodnemyr

### Søndag 11. oktober

20.søndag i treenighetstida  
Bygland kyrkje kl 11.00  
Gudsteneste ved Mats Hansen  
Organist: Eirik Hodnemyr

### Søndag 1. november

Allehelgensdag/minnedag  
Sandnes kyrkje kl 11.00  
Helgemesse ved Mats Hansen  
Organist Eirik Hodnemyr

### Søndag 29. november

1.søndag i advent  
Bygland kyrkje kl 20.00  
Ljosmesse ved Mats Hansen  
Organist Eirik Hodnemyr

## Dugnader på kyrkjegardane i Bygland

Mandag 04.05 – Bygland  
Tirsdag 05.05 – Årdal  
Onsdag 06.05 – Austad  
Mandag 11.05 – Sandnes  
Tirsdag 12.05 – Åraksbø

*Alle dugnadene starter  
klokka 17.00,  
ta med rive, trillebår  
og annet utstyr som kan  
være nyttig*

### Kvittering

Innbetalt til konto  
2898 20 05630

### Betalingsinformasjon

Gåve til  
Kyrkjebladet

Betalt av

Støtt  
Kyrkjebladet  
v<sup>o</sup>pps  
554108

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

GIRO

Betalings-  
frist

Underskrift ved girering

Betalt til

Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
v/økonomiavd. Bygland kommune  
4745 Bygland

Belast  
konto

Kvittering  
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

< > 2898 20 05630 <6530865305>

# ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD

## Døde

Signe Berit Haugen  
født 19.10.64, død 1.1.26

Unni Andersen  
født 29.05.39, død 13.01.26

Einar Bygland,  
født 18.12.48, død 7.2.26

Tone Aa Berg,  
født 27.11.35, død 25.2.26

Mathilde Lidi Kvåle  
født 21.08.95, død 9.3.26

Vrål Gakkestad,  
født 10.10.43, død 24.3.26

Dag Sitje  
født 29.10.59, død 14.4.26

## Døpte

Nikoline Saaghus Homme,  
18. januar i Bygland kyrkje

Eivind Eikerapen Kvaale,  
18. januar i Bygland kyrkje

Odin Erklef Vågsdalen,  
15. februar i Årdal kyrkje, Gendi

Ingrid Sørbøen Nordgaren,  
29. mars Hovassdammen

# Kyrkjelydene i Bygland

## Tilsette og kontaktinformasjon

**Bygland kyrkjekontor,**  
Sentrum 18, 4745 Bygland  
Bygland kommune: . . . . . 379 34 700  
Heimeside: [www.bygland.kyrkjelyd.no](http://www.bygland.kyrkjelyd.no)  
[www.facebook.com/Byglandskyrkjene](http://www.facebook.com/Byglandskyrkjene)

### Fungerende sokneprest

**Kjell Steinbru fram til 1.sept.**

Telefon . . . . . 473 28 472

E-post: [k.steinbru@live.no](mailto:k.steinbru@live.no)

### Kyrkjeverje Anne Synnøve Ropstad

Telefon . . . . . 909 16 664

E-post: [AR375@kyrkja.no](mailto:AR375@kyrkja.no)

### Bygland og Årdal sokneråd

**Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes**

Mobil: . . . . . 950 41 185

E-post: [gro.tove74@gmail.com](mailto:gro.tove74@gmail.com)

### Nestleiar: Susanne Hegenscheidt

Mobil: . . . . . 941 74 761

[susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no](mailto:susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no)

## Tilsette

### Organist

Eirik Hodnemyr (eige firma)

Mobil: . . . . . 975 69 885

E-post: [eirik@hodnemyr.no](mailto:eirik@hodnemyr.no)

### Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad . . . . . 948 80 383

### Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. . . . . 462 39 056

### Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane . . . . . 977 74 321

### Reinhaldarar

Marie Bue (Bygland) . . . . 482 10 259

Gro Tove Frafjord Sandnes

(Sandnes) . . . . . 950 41 185

Kari Aud Bakke Svenningsen

(Årdal) . . . . . 911 80 315

### Prostidiakon

Åse Gudrun Thortveit . . 916 85 199

E-post: [aasegudrun@hotmail.com](mailto:aasegudrun@hotmail.com)

# Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1956

## Spedalskeby vert reist i Kamerun

Ein heil liten spedalskeby skal verta reist i Kamerun. *Diakon Aarhaug* i Misjonsselskapet skal stå for dette nye anlegget. Det er ikkje minst ved gaver frå Sykepleierskenes Misjonsring at det kan verta råd å ta opp arbeidet for dei spedalske i større målestokk der ute.

Det er eit arbeid som trengst sårt. Ein reknar med at det finst minst 50.000 spedalske i Kamerun. Og lite har det vore gjort for dei til no. Smitten breider seg, for folk er merkeleg nok ikkje redde for dei spedalske, slik som tilfellet var på Madagaskar. Sjuke og friske et med fingrane av same fatet. Sidan spedalskheit ofte nettopp tek på fingrane, er det klårt at denne måten å eta på er overlåg fårleg. Smitten vert også overført på mange andre måtar, t. d. ved at den gamle bestemora vert sett til å sjå etter minstebarnet. Det hender at ho ber det på ryggen og let barnet kvila mot eit ope spedalskesår.

Ved å byggja ein spedalskeby, ein koloni, for dei dårlegaste av dei spedalske, kan ein ved isolasjon hindra ein del av smitteoverføringa. Og ved den nye medisinen og sjukerøkta kan nokre av dei sjuke verta friske og. Andre kan verta sparde for store lidningar ved at sjukdomen vert halden i sjakk.

## Program for prostimøtet i Eiye

21. mai kl. 17.00 presis møtast vi i Eiye bedehus til kaffi.
- « 19.00. Gudsteneste med nattverd. Soknepr. Svennevik.
22. mai kl. 9.30. Andakt ved lærar Løtveit.
- « 10.00. Rådleggjingsmøte og val.
  - « 11.00. Foredrag av soknepr. Aa. Tønnessen. Emne: «Våre menigheters oppgaver i dag». Pastor Rostrop fortel frå soldatarbeidet. — Samtale.
  - « 14.00. Samværøt vert avslutta med felles middag.

Innmelding snarast til soknerådsformennene, som lyt senda melding til sokneprest Sefland innan 12. mai.

For prostrådet:

*Sigurd Roe.*

## Gudstenester.

Helgetorsdag, 10. mai: Austad kyrkje kl. 11. Konfirmasjon. Ofring.

6. søndag etter påske, 13. mai: Bygland kyrkje kl. 11. Konfirmasjon. Ofring.

17. mai: Bygland kyrkje kl. 12.

Kvitsundag: Bygland kyrkje kl. 11. Krinssekretær Grandal og prost Roe. Ofring til Sjømannsmisjonen.

Kvitsundag: Araksbø kl. 16 (4). Grandal og Roe. Ofring til Sjømannsmisjonen.

Andredag Kvitsunn: Årdal kyrkje kl. 11. Grandal og Roe. Ofring til Sjømannsmisjonen.

Trieningssundag: Austad kyrkje kl. 11. Nattverd.

1. søndag e. trieining: Araksbø kl. 11.

## 17. mai

Messe i Bygland kyrkje kl. 12. Prost Roe.

Fest i Vonheim kl. 19.30 (½8). Konfirmantane og foreldra deira vert særskildt innbedne.

## Frå kyrkjebøkene

### Døpte:

1. april: Bygland kyrkje: Bernt Einar Berntsen, f. 4. februar. Foreldre: Heradsskogmeister Egil Arthur Berntsen og k. Signe, f. Aakhus.

1. april: Bygland kyrkje: Kjell Håkedal, f. 13. januar. Foreldre: Skogsarb. Eivind Olavson Håkedal og k. Gunnbjørg, f. Såghus.

15. april: Austad kyrkje: Karin Faremo, f. 18. mars. Foreldre: Skogsarb. Vette Knutson Faremo og k. Anne, f. Heistad.

15. april: Austad kyrkje: Knut Haugen, f. 10 mars. Foreldre: Fabr.arb. Olav Knutson Haugen og k. Gyro, f. Kyrvestad. — Bustad: Kristiansand S.

### Aplidne:

12. mars: Småbrukar Grunde Gunnarson Kvåle, f. 27. mars 1872.

13. mars: Hushj. ved sjukehus Torbjørg Olavsdr. Neset, f. 11. februar 1906.

1. april: Gardbrukar Bjørn Gunnarson Heistad, f. 1. mai 1881.


2. april: Fv. hushj. Anne Osldr. Skomedal, f. 5. november 1871.

### Vigde:

10. mars: Vegoppsynsm. Tjøstolv Torgeir Bomvoll og kontordame Aaslaug Såvesdt. Ose. — Vigde i Domkyrkja i Kristiansand S.

Bladstyrar: SIGURD ROE

Fødrelandssvennens trykkeri - Kristiansand



Avsender: Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18, 4745 Bygland



Sandnes kirke i Åraksbø. Foto: Trond Ingar Sloreby